



Tokke kommune
Næringsavdelinga

Jaktlaga i Tokke

Delegera sak
Delegert landbruk, miljø og utmark - nr. 10/21

Dykkar ref: Vår ref: Saksbeh: Arkivkode: Dato:
2010/511-1 Sverre Bakke,35075242 K46 05.05.2010
sverre.bakke@tokke.kommune.no

Kvoter for elgjakta 2010.

Saksdokument:

Nr.1 Sett elg 2009

Nr.2 Fellingsrapport for 2009

Saksutgreiing:

LMU gav ei kvote på 236 dyr og det vart felt 208 dyr i 2009. **Det er ein fellingsprosent på 88 . Det er 39 dyr mindre enn i 2008.** Fellingsprosenten då, var 82 %. Det vart då felt 251 dyr av ei kvote på 300 dyr.

Fordeling på alder og kjønn er god . Når det gjeld kalv og ungdyr vart det felt 35 % og 19 % . Eldre kyr 17 % . I høve hodyr –hanndyr 41(44) – 59(56). Dersom vi ser på kjønnsfordelinga på kalv så er den 18 % oksekalv og 17 % kukalv.

Vi har felt 54% kalv og ungdyr. I 2008 var dette 65%. Vi skyt stort sett bra , men nokre jaktlag kan bli ein god del betre med fellinga si i høve til alder og kjønn, men slik vil det truleg alltid vera.

I høve til skadeskyting er vi rimeleg nøgde, når ein ser storleiken på kvota. Vi må likevel terpe på dette og hald trykket oppe for at antallet går ned. Gode hundar er viktige når uhellet er ute. Her er det rom for fleire og betre trena hundar.

Vi oppmoda jaktlaga til å felle små uproduktive dyr . Det vi ser på vektene på dyra som er skote så er begge delar, men det var og forventa. Det kjem truleg av nedgang i stamma . Når vi skyt ned stamma, er det viktig å spare stor fine produksjonsdyr, særleg store hanndyr er utsette. Tokke kommune er atypisk i høve til korleis vi forvaltar elgstamma. Vi har framleis ei fin stamme med rimeleg god utvikling. Vi reduserer den nedover forsiktig og sparer på produksjonsdyra og skyt hardt på kalv i motsetnad til dei fleste andre.

Når vi ser rundt oss, ser det pr. i dag, ut som det er ein stødig veg å gå.

Slik vi kan vurdere elgstamma i dag, etter "sett elg" skjema for 2009, så har vi ei elgstamme pr. 01.01.09 som er om lag som sist år. Etter tala i sett elg, litt mindre. Trenden er nedover. Kvota vår no ser ut til å vera rundt tilveksten eller litt over. Det vi ser er ein større variasjon. Produktiviteten målt i sett kalv pr. kalvku ser vi er stabil. Vi ser på sett kalv at det er litt ulikt rundt forbi.

Vi ser at stamma i nabokommunar har gått kraftig ned. Det vil vi og merke i grensa mot desse kommunane. Vi har gjennom fleire år hatt den politikken at vi skal taka stamma ned forsiktig over tid. Det gjorde vi i 2009 og det held vi fram med i 2010.

Vi set i år minstearealet til 2.500 da for 2010. Vi får i 2011 vurdere korleis stamme er og om vi eventuelt skal ytterlegare ned .

Sett elg står sentralt i dette vurderingane. Dette er ikkje eit eksakt verktøy, men vi har tala frå 1987 og fram til i dag. Dei syner at desse tallane har gjeve eit godt bilete av elgstamma i Tokke i desse åra. Derfor held vi fast på dette som vårt viktigaste verktøy ved forvaltning av elgstamma. Når det gjeld beite, så ser vi at skogbruket endrar seg og hogsten held seg på eit lågt nivå. Det vil og vera med å bestemma stamma sin storleik i åra framover.

Vurderingar:

Vi ynskjer slik avskyting:

- **40 % kalv. Får dykk ikkje andre dyr, så skyt kalv dersom dykk har høve til det.**
- **Små oksar og kyr . 1,5 år – 2,5-3,5 år. Tak litt større sjansar på å skyte små dårlege kyr.**
- **Det må vera lov til å skyte 1 !!!!! fin okse, men har ein fått denne, bør det vera stopp.**

Fokus i år er som før:

- **Spara gamle store oksar.**
- **Spara store kyr.**

Dette er som det har vore dei siste åra!!

Kvart jaktlag får tildela på same måte som i 2009.

Eldre hanndyr – kalv - frie dyr.

Vi minner ein del jaktlag om at det er ynskjeleg at det vert jakta ein del rundt Dalen, Høydalsmo og Lårdal. Dette så vi førebygger at elgen trekkjer inn i bustadfelte om vinteren.

Vi har i år også tildela slik at ingen er under 2.500 da pr. dyr. Tildelinga i antall vert då rein matematikk etter minsteareal og arealet på området.

Fordeling på alder og kjønn vert som før. Vi prøvar å legge opp til 40 % kalv.

Vi har no ein del jaktlag med areal på 4-6.000 da som ikkje får tildela kalv i år . Dei vil få tildela kalv 2. kvart år.

LMU drøfta hjorteviltet i møte i feb. 2010. Tilrådinga var at ein tildela kvoter som i 2009.

Vedtak:

Kvotene for 2010 vert då :

Felt nr.	Areal da.	TILDELING		
		Eldre hanndyr.	Kalv.	Frie dyr
2. Austheia/Lårdal v/Geir Særsland 3840 Seljord	22.552	1	4	4
3. Støylsdalen v/ Gunlaug Aalandslid Lårdal 3891 Høydalsmo	20.279	1	3	4
4. Mostøyl/Rue v/Jon Rui 3891 Høydalsmo	19.998	1	3	4
5. Kvåle/Tveiten v/Olav Aalandslid 3891 Høydalsmo	17.603	1	3	3
6. Mørke v/Svei Erik Andersen Niobvegen 15 3830 Ulefoss	22.333	1	3	4
7. Hovden/Breiland v/Oddvar Kvaalo 3840 Seljord	16.272	1	2	3
8. Smørklepp/Tveiten v/ Thor Arne Heggteit 3891 Høydalsmo	21.327	1	3	4
9. Cappelen S.D Skoger Silvi Montana Boks 103 3831 Ulefoss	10.890	1	1	2
10. Gøytil v/Åge Verpe 3880 Dalen	18.015	1	3	3
11. Eidsborg v/Olav Mandt 4694 Bykle	32.703	2	5	6

12. Husås og Visås v/Alf Åge Botn Svaland 4760 Birkeland	5.431	0	1	1
16. Ripilen v/Torgeir Midjås 3880 Dalen.	19.555	1	3	3
17. Vistadheia v/Arne V Vågslid 3880 Dalen.	21.820	1	3	4
18. Myklid v/Dagfinn Teigen 3880 Dalen	14.797	1	2	2
19. Nordbygda v/Finn Arne Askje Lårdal 3891 Høydalsmo	38.902	3	6	6
20. Gausbu/Kvæven v/Gunleik Kjestveit Furukollen 9 3960 Stathelle	18.475	1	3	3
21. Vegardalen v/Roger Lewis Ivar Throndsensv. 6 3600 Kongsberg	13.539	1	2	2
22. Aamdal v/Knut S Urbø 3882 Åmdals Verk	12.757	1	2	2
23. Barskor –Tveiten Lauvikfjell v/Olav S Urbø 3880 Dalen.	11.791	1	1	2
24. Aamli v/Olav Døli 3880 Dalen	7.443	0	1	1
25. Autheii-Gaastjønn v/ Vidar Lyngdal 3849 Vråliesen	50.275			Storvald 25 frie

27. Øvre Byrte v/ Kåre Bryntesen Tagetvedtveien 48 3274 Larvik	14.861	1	2	2
29. Bergland v/Gjermund Bergland 3880 Dalen.	6.820	0	1	1
30. Strandin v/Kjell Arne Neverdalen Lårdal 3891 Høydalsmo	6.630	0	1	1
31. Omdal nord v/Lars Omdal Døvikmoen 3 3949 Porsgrunn	6.632	0	1	1
32. Strånd v/Kjell Olav Tveito Lårdal 3891 Høydalsmo	4.463	0	1	0
33. Barskor-Kjestveit v/Olav Felland 3880 Dalen	11.283	1	1	2
34. Urdalen/Kvæven v/Olav Felland 3880 Dalen	8.000	1	1	1
36. Vendalen jaktlag v/Per Tore Skaalen 3880 Dalen	4.975	0	1	0
37. Froland jaktlag v/Gunnar Reindal Øverland 3880 Dalen	23.425	1	4	4
38. Mo Storvald v/ Oddvar Seltveit Mo 3880 Dalen	92.041			storvald 41 frie dyr
39. Foluri jaktlag v/ Trygve Wettre Åsdalsvei 60 1170 Oslo	5.500	0	1	1

40. Nordigard Fjellet jaktlag v/ Eivind K Austjore 3891 Høydalsmo	2.730	0	1	0
41. Holtenuten jaktlag v/Bergethon Marthinsen Lårdal 3891 Høydalsmo	4.303	0	1	0
42. Kjønnsviki jaktlag v/ Mari Grave Håland Steinbergåsen 13 4580 Lyngdal	4.700	0	1	0
43. Venås Berhommen v/Helge Arild Askje 3880 Dalen	2.607	0	0	1

Dette vedtaket, inkl. driftsplanane, inneber at det i Tokke i 2010 vert gjeve fellingsløyve på 239 dyr, 3 dyr meir enn i 2009 grunna endringar i areal og eit nytt jaktlag.

Fordeling på alder og kjønn vert som følgjer for Tokke:

	Eldre hanndyr	Kalv	Frie dyr	sum
	25	71	143	239
%	10(12)	30 (25)	60 (62)	100

I denne fordelinga ligg storvaldet inne med alle sine frie dyr. Desse er ikkje med i vedtaket Dei har eiga sak på bestandsplanane sine .Endringane på kalv er små jaktlag som har kalv 2. kvart år .

Dette vedtaket er heimla i § 15 i forskrift om forvaltning av hjortevilt og bever. Vidare er det i tråd med målsetningane i elgforvaltninga i Tokke.

Vedtaket er gjort etter fullmakt gjeve av Tokke kommunestyre

Vedtaket kan påklagast. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen da brevet kom fram til påført adressat. Det er nok at klaga er postlagt før fristen går ut.

Klaga skal sendast skriftleg til den som har gjort vedtaket, skriv kva for vedtak det klagast over, den eller dei endringar som er ynskjeleg, og dei årsaker du vil gje for klaga. Dersom du klager så seint at det kan være uklart for oss om du har klaga i rett tid, blir du beden om å gje opp dato då denne meldinga kom fram.

Etter fullmakt

Nils Gjerde
Næringssjef

Sverre Bakke
skogbrukssjef

(1) Sendar (stemplet til forvaltningsorganet)	Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak. (Forvaltningslova §27 tredje leddet)
	(2) Dato
(3) Mottakar (namn og adresse)	(4) Klageinstans
Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjord kjend med.	
Klagerett Kven kan De klage til?	De har rett til å klage på vedtaket. Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstanse, jf. rubrikk (4).
Klagefrist	Klagefristen er tre – tre – veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og då må De nemne grunnen til at De ønskjer det.
Rett til å krevje grunngjeving	Dersom De meiner at vi ikkje har grunngjeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngjeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngjevinga.
Innhaldet i klaga	De må presisere <ul style="list-style-type: none"> - kva for eit vedtak De klagar på - årsaka til at De klagar - den eller dei endringar De ønskjer - eventuelt aandre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga. Klaga må underskrivast.
Utsetjing av gjennomføring av vedtaket	Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjast i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.
Rett til å sjå saksdokumenta og tilå krevje rettleiing	Med visse unntak har De rett til å sjå dokumente i saka. Reglane om dette finst i §18 og §19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.
Kostnadene med klagesaka	De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Det er også høve til å krevje dekning for store kostnader som har med klagesaka å gjere. Normalt er det då ein føresetnad at det organet som gjorde det opphavlege vedtaket, har gjort ein feil slik at vedtaket blir endra. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.
Klage til Sivilombodsmannen	Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen) har ikkje høve til å ta opp saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seeinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.
Særlege opplysningar	